

Uskedeling saknar fokus på vindkraft

21.01.2010



Trygve Arnesen - frå olje til vind. (Foto: Sunnhordland)

Trygve Arnesen (52) frå Uskedalen har skifta arbeidsplass frå olje til vind. No håpar han at industrien i Sunnhordland oppdagar kva som skjer ute i Europa.

Uskedelingen seier til Sunnhordland at den nye jobben er ufatteleg utfordrande og framtidsretta.

Arnesen viser til det er prosjekt for hundretals millionar på gong i land som England og Tyskland og der kan norsk kompetanse på offshore og oljeservice vera gull verd. Slik kompetanse finst i Sunnhordland og kanskje særskilt på Stord. Uskedelingen håpar og trur at det lokale næringslivet snart oppdagar dette enorme potensialet.

Norwind har fått bygd og installert 6 vindmølleunderstell. Med ein kontraktsum på 300 millionar kroner er dette det største oppdraget eit norsk selskap har hatt i samanheng med havvind. Norwind har berre 12 tilsette, men 90 underleverandørar har vore i arbeid med å få på plass understella på 30 meters djupne. Mange av dei komande prosjekta vil koma ned mot 60 meter.

Danmark, Tyskland og England har gigantiske planar. Styresmakatene har sagt seg meir enn villige til å gå inn med dei subsidiene som må til.

I samband med utdelingane på Doggerbank må sentrale norske politikarar ha undra seg over at to statseigde selskap må til England for å finna attraktive rammevilkår for å byggja ut fornybar energi, meiner Arnesen.

Sunnhordland spør uskedelingen kvifor har har skifta frå oljebransjen til eit lite og nystarta vindkraftselskap.

- Eg runda 50 for to år sidan og tenkte at tida var moden for noko nytt. Sidan me alltid har budd i Bergen og eg stort sett har pendla til Stavanger eller Aberdeen, var det også på tide å koma heim til familien. Og ikkje minst handlar det om at den nye jobben er ufatteleg utfordrande og framtidsretta.

Av Ola Matti Mathisen